



Arkivnr: 2014/13889-133

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		26.02.2019

Sykkelkids - Søknad om tilskot 2019

Samandrag

Sykkelkids er eit sykkelopplæringsprogram for barneskular som er eigd av Norges Cykleforbund. Programmet er ei vidareføring av «Alle Barn Sykler». Målet med programmet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. Sykkelkids fekk for fyrste gong tilskot frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hausten 2015. Dei fekk i 2016 og 2017 eit tilskot frå FTU på 62.500 kr, medan dei i 2018 fekk eit tilskot på 70 000 kr.

Norges Cykleforbund har no sendt inn ein søknad om tilskot for 2019 på 150 000 kr. Før søknaden kom inn stod det att kroner 142 070,- i budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

Økonomi: : Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

Klima: Trafikkunnskap og kjensle av tryggleik er grunnleggande føresetnader for at dagens barn og unge vel gange og sykkel føre bil når dei veks til.

Folkehelse: Same føresetnader (som nemnt ovanfor) er viktig for at barn og unge skal ferdast til fots eller på sykkel til og frå skule og fritidsaktivitetar

Regional planstrategi: Satsing på trafikkunnskap og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet tildeler Sykkelkids 142 070 kr i tilskotsmidlar i 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Sykkelkids - Søknad om tilskot 2019
- 2 Sykkelkids - Søknad om tilskot 2019

Fylkesrådmannen, 12.02.2019

Bakgrunn

Sykkelkids er eit sykkelopplæringsprogram for barneskular som er eigd av Norges Cykleforbund. Programmet er ei vidareføring av «Alle Barn Sykler». Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. Sykkelkids fekk for fyrste gong tilskot frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hausten 2015. Sykkelkids fekk både i 2016 og 2017 eit tilskot frå FTU på 62.500 kr, medan dei i 2018 fekk eit tilskot på 70 000 kr.

Norges Cykleforbund har no sendt inn ein søknad om tilskot for 2019 på 150.000 kr. Tidlegare har Norges Cykleforbund fått tilskot frå andre einingar i Hordaland fylkeskommune til å drive sykkelopplæring. For 2016/2017 og 2018 var dei tildelt 500.000 kr gjennom ordninga for «tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse, sykkelvanar for barn og unge». Frist for denne tilskotsordninga er 15. februar, og det er såleis ikkje klart om stønad til Sykkelkids vert aktuelt i 2019. Det vi veit er at ramma for denne tilskotsordninga er endra, og maksimal søknadssum er i 2019 på kr. 100 000. Dette er bakgrunnen for at dei søker meir frå FTU i år enn dei har gjort tidlegare år. Norges Cykleforbund er tydelege på at dei ønskjer å oppretthalde sin aktivitet også i 2019.

Midlane skal dekke ein del av kostnadane for naudsynt materiell og drift av opplæringsprogrammet, og tilskotet vil medføre at fleire barn i Hordaland får tilbod om sykkelopplæring.

Før søknaden kom inn stod det att kroner 142 070,- i budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen registrerer at Sykkelkids gjennom fleire år har fått svært gode tilbakemeldingar frå skular som har gjennomført opplæringsprogrammet. Fylkesrådmannen ser på dette som eit godt tiltak som heng tett saman med Fylkestrafikksikringsutvalet sitt særskilte satsingsområde på mjuke trafikantar langs skuleveg og i regionsenter.

Det er ei målsetjing at flest mogleg av kommunane og skulane i fylket etter kvart kan ta del i sykkelopplæringsprogrammet. Fylkesrådmannen ønskjer at Norges Cykleforbund skal kunne oppretthalde den aktiviteten dei har hatt tidlegare år.